

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.09.2010
Sakhandsamar: **Synnøve Serigstad**
Saka gjeld: **2. tertial rapportering på krav i oppdragsdokument og protokoll**

Arkivsak

2009/197/

Styresak 105/10 B

Styremøte 06.10. 2010

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering

Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift. Krav stilte i tilleggsdokumenta til styringsdokumenta (vedtekne av styret i Helse Vest RHF 1.1.10) vil bli rapportert i årleg melding.

Fakta

Helse Vest RHF får sitt oppdrag av Helse- og omsorgsdepartementet i eit årleg oppdragsdokument. I oppdragsdokumentet vert dei midla som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for inneverande år stilte til disposisjon. Gjennom dokumentet får Helse Vest RHF i oppdrag å utføre pålagde oppgåver og å realisere styringskrava som er gitt innanfor mål, rammer og ressursar som vert stilte til disposisjon. I tillegg til oppdragsdokumentet blir det kvart år i januar gjennomført eit føretaksmøte jf. Lov om helseføretak, der Helse- og omsorgsdepartementet slår fast styrings- og prestasjonskrav på økonomi og organisasjonsområdet. Føretaksprotokollen gir såleis presiseringar på ytterlegare styringsbodskap i tillegg til det som er omtala i oppdragsdokumentet. Styret har bedt om å få tertialvis tilbakemelding på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen.

Kommentar

Administrerande direktør legg med denne saka fram ei oversikt som viser status på krava i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Oversikta er framstilt på same måte som ved 1. tertial. Status blir vist med fargekodar og prosentvis framdrift på følgjande måte:

Raud: Ikkje påbegynt, ikkje gjort/oppnådd. Ein kan oppnå raudt dersom ein ikkje startar tidsnok til å få levert.

Svart: I prosess. Prosentvis levering vert oppgitt med tal. Dette talet kan ved seinare rapportering bli justert.

Grøn: Kravet er oppfylt. Når krava gjeld kontinuerlege prosessar får desse grøn vurdering når drifta er à jour.

Vedlegg

Oversikt: Matriser for tertialvis rapportering til styret på krav i protokoll og oppdragsdokumentet per 2. tertial 2010